

Næringsbarometeret

FOR SOGN OG FJORDANE

Delt i trua på 2012



Innhold

Føreord:	
Vi tek pulsen på Sogn og Fjordane i ei uroleg tid	s. 2
Samla vurdering: Optimismen på retur	s. 4
Norsk og internasjonal økonomi: I utakt med Europa	s. 6
Innovasjon Norge har ordet: Finanskrisa i Europa	s. 8
Aktuelt: Kapital - ei rasjonert vare?	s. 10
Arbeidsmarknad:	
NAV trur på uendra arbeidsløyse i 2012	s. 12
Byggjenæring og eigedomsmarknad	s. 14
Industri	s. 16
Petroleumsnæringa	s. 18
Transport og engros	s. 20
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	s. 22
Varehandel og personleg tenesteyting	s. 24
Kultur, reiseliv og oppleving	s. 26
Fiskeri og havbruk	s. 28
Landbruk	s. 30
Offentleg forvaltning og tenesteyting	s. 32
Datagrunnlag og kjelder	s. 34

Næringsbarometeret tek pulsen på næringslivet

Næringsbarometeret for februar 2012 byggjer på data frå ei spørjeundersøking som vart gjennomført i andre halvdel av november 2011 retta mot verksemder innafor alle næringsområde i Sogn og Fjordane. Næringsbarometeret byggjer i tillegg på relevant statistikk og intervju.

Partnarane bak Næringsbarometeret

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
NAV Sogn og Fjordane
NHO Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ansvarlege utgjevarar

Partnarane bak Næringsbarometeret

Redaksjon:

Frode Henden, NAV Sogn og Fjordane
Inger Merete Øygard, Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
Endre Høgalmen, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Erik Andersen, NAV Sogn og Fjordane
Jan Atle Stang, NHO Sogn og Fjordane

Næringsbarometeret er utarbeidd

i samarbeid mellom utgjevarane og
ideas2evidence ved prosjektleiar Malin Dahle og
prosjektmedarbeidarane Jostein Ryssevick,
Jan Erik Grindheim og Turid Vaage.
www.ideas2evidence.com

Design/layout og foto: Anne Jorun Sæten Design www.ajsdesign.no
Språkkonsulent: SpeakLab ved Siri Lill Mannes, Arne Møller og Renate Nedregård www.speaklab.no

Vi tek pulsen på Sogn og Fjordane i ei uroleg tid

Etter seks år med felles Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane, kan vi presentere eit barometer som fullt og heilt er via utviklinga i Sogn og Fjordane. Vi har meir plass og betre høve til å fokusere på problemstillingar og utfordringar som er viktige for fylket vårt.

Denne utgåva har norsk og internasjonal økonomi som ein raud tråd. I dette biletet er naturlegvis situasjonen hos våre viktige handelspartnarar i Europa i særleg fokus. Kontrastane til vårt eige land og fylke er svært store og til ettertanke for oss, når vi ser køane av unge arbeidslause som fortel at dei har gitt opp å få seg arbeid dei komande åra. Kontrasten vert ytterlegare forsterka når mange av våre store bransjar ikkje finn nok kvalifisert arbeidskraft. Barometeret har fleire artiklar med oppdaterte vurderingar frå sterke fagmiljø.


Sogn og Fjordane har ein open eksportretta økonomi som blir direkte påverka av situasjonen i Europa, men og på dei

oversjøiske marknadsområda våre. Er bedriftene gjennomgåande uroa over utviklinga? Er det nokre bransjar som skil seg særleg ut? Og sjølvstakt aller viktigast: Korleis kan vi møte utfordringane?


212 private og offentlege verksemder har svart på undersøkinga, og vi ser som venta at uroa i marknaden blir vurdert ulikt bransjane i mellom. Eksportretta verksemder har lågare forventingar til det komande året enn verksemder som er i heimemarknaden. Men vi ser også at næringsstrukturen i Sogn og Fjordane er relativt robust: Vi har ein kjøpesterk "heimemarknad", ein allsidig industri som også er inne i "det nye" oljeeventyret og ein relativt stor landbrukssektor med tilhøyrande næringsmiddelindustri.

Barometeret har fleire intervju og artiklar frå verksemder i Sogn og Fjordane enn tidlegare, og vi trur dette er spennande lesnad!

Partnerskapen Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune - NAV - Innovasjon Norge - NHO



Optimismen på retur



Næringslivet i Sogn og Fjordane ser mindre lyst på framtida enn dei gjorde for eit år sidan. Særleg er eksportverksemdene uroa for krisesignala i Europa. Fylket får heller ikkje same gevinst av oppturen i oljenæringa som dei to sørlegaste fylka på Vestlandet. Men biletet er langt frå heilsvart. Framleis ventar næringslivet å auke talet på tilsette i året som kjem.

Utsikter for lågare vekst i 2012

Dei næringsdrivande i Sogn og Fjordane er uroa over nedgangen i verdsøkonomien. Den samla forventingsindeksen, som tek pulsen på næringslivet sine utsikter for 2012, peikar nedover samanlikna med den tilsvarande målinga for eit år sidan. Reduksjonen i forventingar er likevel langt frå så dramatisk som ved inngangen til finanskrisa 3-4 år tilbake. Indeksen ligg framleis langt over botnivået frå 2009 og 2010. Med ein verdi på 26 er det fleire verksemdar som ventar vekst enn nedgang i det komande året.

Store skilnader mellom næringane

Utviklinga sprikar mellom dei ulike næringane og tyder på at uroa i marknaden råkar forskjellig. Nedgangen i forventingar er sterkast for byggjenæringa og transport og engroshandel. Begge desse næringsområda er svært vare for endringar i konjunkturane. Nedgangen i transport og engros må sjåast i samheng med at forventingane i næringa dei siste åra har vore mykje høgare enn i dei andre næringane. Verksemdene i industrien og innafor finansiell og forretningsmessig tenesteyting er derimot meir optimistiske med tanke på framtida

i dag enn dei var for eit år sidan. Desse næringsområda har vore prega av svake forventingar over fleire år og viser no teikn på framgang. Når det gjeld varehandel, personleg tenesteyting og reiseliv er endringane marginale.

Sogn og Fjordane er ikkje like sterkt påverka av aktivitetnivået og den nye optimismen i petroleumssektoren som det næringslivet i Hordaland og i endå større grad Rogaland er. Medan kvar fjerde verksemd i Hordaland oppgir at dei har petroleumsrelatert omsetnad, gjeld dette berre 15 prosent av verksemdene i Sogn og Fjordane. Dei petroleumsbaserte verksemdene vurderer heller ikkje marknadssituasjonen særleg annleis enn det resten av næringslivet gjer. Som følgje av dette er truleg økonomien i Sogn og fjordane meir utsett for konjunktursvingingar enn fylket i sør.

Størst uro blant eksportørane


Med tanke på utfordringane i den europeiske marknaden, er det ikkje overraskande at det er eksportverksemdene som er mest uroa for 2012. Medan verksemdar i heimemarknaden har ein samla forventingsindeks på 39, er verdien for eksportørane på knapt fire. Det er fleire eksportverksemdar som ventar nedgang enn vekst i 2012, både når det gjeld investeringar og talet på tilsette. Innafor industrien ventar om lag kvar tredje eksportverksemd at marknadssituasjonen skal bli verre det komande året. Blant verksemdar i heimemarknaden gjeld dette berre rundt tre prosent. Truleg er pessimismen vel så mykje basert på uro for korleis dei internasjonale

marknadene vil utvikle seg dei komande månadene, som på opplevd svikt i etterspurnaden. Framleis er det fleire eksportørar som oppgir at ordreservane er større no enn for eit år sidan (43 prosent).


Svak vekst i sysselsettinga

Talet på sysselsette har auka frå 55 000 til 57 000 personar frå 4. kvartal 2010 til 4. kvartal 2011, i følgje Arbeidskraftundersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Til samanlikning ga verksemdene som deltok i Næringsbarometeret si Bedriftsundersøking i november 2010 signal om at sysselsettinga skulle auke med heile fire prosent.

Også i år er verksemdene i Sogn og Fjordane rimeleg optimistiske når det gjeld utsiktene for sysselsettinga i 2012. Rundt 30 prosent av verksemdene ventar å auke staben det komande året. Om dette slår til, vil sysselsettinga i fylket auke med 2 prosent. Det er særleg i bransjane finansiell og forretningsmessig tenesteyting og transport og engrosandel at forventingane om auka sysselsetting er størst. Industrinæringa og kultur, reiseliv og opplevingar vil oppleve ei marginal nedgang i sysselsettinga, viser tala frå Bedriftsundersøkinga. Arbeidsløysa i Sogn og Fjordane er svært låg og mange verksemdar melder framleis om vanskar med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft. Rundt 15 prosent av verksemdene har ledige stillingar grunna rekrutteringsproblem. Underskotet er størst når det gjeld fagarbeidarar, men det er òg ei utfordring å rekruttere tilstrekkeleg høgt utdanna teknisk personell.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Samla forventingsindeks for utvalde næringer, Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 4: Sysselsette fordelt på næring. Inndelinga i denne figuren samsvarer med den næringsinndelinga som er nytta i Næringsbarometeret. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

I utakt med Europa



Medan verdsøkonomien er i vanskar, ventar Noreg konjunkturoppgang i åra som kjem. Men finansministeren ber oss vere budd på at den økonomiske uroa også kan råke Noreg.

Konjunkturoppgang i vente

Prognosane for det norske bruttonasjonalproduktet (BNP) viser ei auke for 2011 på 2,6 prosent, med ein ny vekstkonjunktur i 2012. Dette kjem etter to år med det Statistisk sentralbyrå kallar ei «konjunkturnøytral utvikling i botnen av ein moderat lågkonjunktur.» Prognosane inneber at vi ventar høgare verdiskaping i all marknadsretta næringsverksemd, offentlig forvaltning, frivilljuge organisasjonar og produksjon

til eige bruk, som er det BNP-tala omfattar.

Arbeidsløysa vil gå noko opp i året som kjem. Men prognosane er framleis berre på 3,6 prosent, mykje lågare enn i andre europeiske land. I resten av Europa ventar ei minka kjøpekraft i komande år, medan vi i Noreg ventar både 3,4 prosent lønsauke og ein auke i kjøpekraftsindeksen på 1,4 prosent. For dei neste to åra blir det truleg endå betre, slik figur 1 syner.

Norske industrileiarar meldar òg om positiv utvikling i produksjonsvolumet, i følgje Statistisk sentralbyrå sitt konjunkturbarometer. Fallande etterspurnad etter innsatsvarer frå eksportmarknaden vil, som i fjerde kvartal i 2011, truleg føre til lågare vekst i 2012, men ikkje i nærleiken av det industrileiarar i andre europeiske land fryktar.

Solid økonomi, dårleg infrastruktur og innovasjon

Verdas økonomiske forum (WEF) publiserer årleg ein rapport om konkurransevna til økonomiane i verda. Denne er basert på ein indeks sett saman av korleis statane scorar på mange ulike område som påverkar konkurransevna. I denne globale konkurranseindeksen, som vart publisert i forkant av WEF sitt toppmøte i år, hamna Noreg på sekstende plass. Det er bak Sverige, Finland og Danmark som høvesvis vart rangert som nummer tre, fire og åtte. På dei ulike indikatorane denne sekstende plassen er basert på, ser ein at Noreg scorar nokså ulikt. Best ut kom Noreg når det gjaldt dei makroøkonomiske kjenneteikna ved nasjonaløkonomien, der Noreg får ein fjerdeplass totalt. Ikkje berre fordi petroleumsinntekta legg grunnlaget for eit høgt bruttonasjonalprodukt per innbyggjar, men òg fordi norsk penge- og finanspolitikk er langsiktig og stabil.

Noreg har, som dei nordiske nabolanda, eit stabilt politisk system, og ei rasjonell og effektiv forvaltning, men òg ein godt fungerande kapitalmarknad. Her kom Noreg på femteplass. For det å være klar til å ta i bruk ny teknologi vart det ein sjuandeplass.

Noreg fell samanlikna med nabolanda fordi behova for å oppgradere den tradisjonelle infrastrukturen er store og

fordi det trengs ein betre politikk for å oppfordre til meir forskning og innovasjon i næringslivet. Her kjem ikkje Noreg høgare opp enn 35. og 20. plass.

Verdsøkonomi i vanskar


Det internasjonale valutafondet (IMF) la 24. januar fram ein rapport om verdsøkonomien. Her nedjusterte dei prognosane for verdas økonomiske vekst i året som kjem til 3,3 prosent. Hovudgrunnen var den forverra krisa i eurolanda og auka frykt for finanspolitisk ustabilitet.

Utan omfattande hjelpetiltak og ein kontrollert og langsiktig plan for endringar i finanspolitikken til dei hardast råka landa, vil Europa kunne gå inn i en resesjon verre enn det vi har sett til no, varslar Valutafondet.

Forventingane til verdsøkonomien er låge, særleg i dei velutvikla økonomiane der veksten i komande år neppe kjem over 1,2 prosent. Valutafondet har her nedjustert sine prognosar frå september sist år med ¾ prosentpoeng.

Dagen før Valutafondets rapport vart lagt fram sa leiaren for fondet Christine Lagarde at dei var klare til å stille 500 milliardar amerikanske dollar til disposisjon for dei kriseramma europeiske økonomiane. Til gjengjeld må dei styrke eurosamarbeidet med strengare politiske tiltak og tettare integrasjon.

Revisjons- og konsultantselskapet PricewaterhouseCoopers (Pwc) gjennomfører kvart år ein survey blant 1 200 næringslivstoppar frå heile verda. Berre 15 prosent av desse trur på ei betring i verdsøkonomien i 2012, sjølv om heile 40 prosent av dei samstundes kjenner seg trygge på sitt eige selskap. Halvparten har til og med planar om å auka arbeidsstokken i komande år. Grunna uvissa ber finansministeren oss vere budde på at den økonomiske uroa også kan råke Noreg.



Figur 1: Utviklinga i norsk økonomi 2011-2014 (prognosar) Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012.

EKSPORTEN TRUGA

Trass dei gode tidene for norsk økonomi manar finansminister Sigbjørn Johnsen i tidskriftet Stat & Styring (1-2012) til måtehald og respekt for dei problema andre europeiske land har;- Det som skjer i våre naboland påverkar også oss. Sjølv om vi har klart oss godt så langt, må vi vere førebudd på at utviklinga kan snu. Eksportretta næringer er avhengige av å få avsetning for sine produkt i andre land, og vi har tidlegare erfart kor fort uro i finansmarknadane kan spreie seg mellom land. Regjeringa følgjer den økonomiske situasjonen nøye og vi har den naudsynte beredskap. Ein forsvarleg og langsiktig politikk bidreg til å gjere økonomien meir robust også på kort sikt.

Finanskrisa i Europa



For dei fleste OECD-landa har finanskrisa gått over i ei gjeldskrise. Vekst, som er det beste middelet til å rette opp statsgjeld, er svak eller fråverande.

Negative vekstanslag for Europa

Manglande vekst gjer at få land kan stimulere etterspurnad ved å bruke meir pengar over offentlege budsjett. Dette reduserer etterspurnaden. Renta er sett ned for å stimulere, men den er no svært låg i dei fleste OECD-land og tilnærma null i USA.

Spesielt ille er det i eurolanda, der situasjonen er kritisk og uoversiktleg. Her har veksten no stoppa heilt opp. Dette gjeld også for den "sterke" økonomien i Tyskland, som hadde god vekst i første del av 2011. No er det "nullvekst" også der. Dei siste prognosane viser negative vekstanslag for eurolanda i 2012. Det internasjonale pengefondet (IMF) har i sin "Update" av World Economic Outlook no i januar vekstanslag

for 2012 på minus 0,5 prosent for eurolanda, medan Citi Group har så lågt anslag som minus 1,5 prosent i sin siste globale makrorapport. Eit av få land der vekstanslaga ikkje er blitt justert ned dei siste månadene, er USA. Der har Verdsbanken anslått ein vekst på 2,2 prosent, IMF 1,8 prosent og Citi Group 1,9 prosent i 2012. Det er også positiv utvikling i arbeidsløysa i USA som har gått ned til 8,7 prosent, og konsolidering av lønsemda i næringslivet har auka optimismen. Men situasjonen i USA er elles prega av uvisse sidan Obama-administrasjonen ikkje har fleirtal i kongressen og det er stor usemje om innretning av statsbudsjettet. Difor er det stor fare for at manglande semje om vedtak kan gje innstramming som bremsar opp økonomien i USA.

EU går mot ein skjebnetime

På EU sitt toppmøte 8. og 9. desember i fjor blei leiarane i EU enige om å styrke det finanspolitiske samarbeidet. Det skal mellom anna innførast strengare reglar for å følgje opp kriteria for budsjettunderskot. Reglane vil bli utforma i ein ny avtale mellom dei ulike eurolanda og dei andre EU-landa som ønskjer å delta. Avtalen blei vedteken 30. januar 2012, men skal godkjennast av kvart enkelt medlemsland. Det vart også klart at Storbritannia ikkje ønskjer å delta av frykt for å svekke finanssenteret i City of London. Det ligg dermed an til eit delt EU. Fleire andre land er avhengig av vedtak i sine nasjonalforsamlingar for å kunne slutte seg til ein slik foreslått avtale/traktat. Resultata frå toppmøtet er elles innretta mot ei meir langsiktig løysing av eurolanda sine utfordringar. ECB (Den europeiske sentralbanken) og IMF (Det internasjonale pengefondet) er tiltenkt å spele ei viktig rolle. Når det gjeld det meir kortsiktige kom det lite konkret ut av toppmøtet.

For å dempe dei akutte utfordringane knytt til likviditet i banksektoren, opna ECB for å subsidiere tilføringa av likviditet til bankane. ECB sitt vedtak 21. desember er blitt karakterisert som tidenes julegåve til europeiske bankar. ECB opna for at bankar kan låne euro i tre år til berre ein prosent årleg rente. 523 bankar lånte 489 milliardar euro (3740 milliardar kroner). Poenget var både å styrkje bankane og bedriftene, og samtidig redusere rentenivået for refinansiering av statsgjeld. På kort sikt viser det seg likevel at over halvparten av lånebeløpet er sett inn igjen i ECB til 0,25 prosent rente! Det blir forklart med stor nervøsitiet i ein uroleg marknad og at skjerpa krav til kjernekapital i bankane krev meir pengar på bok. Likviditetstilføringa ser likevel ut til å ha roa marknadane og senka rentenivået.

Forhandlingane mellom Hellas og kreditorane om nedskrivning av gjelda er for augneblikket fastlåst og Hellas er i prinsippet i ferd med å bli satt under administrasjon av EU. Det ser ut til å vere renta for dei attverande låna som er vanskelegast å få på plass. Hellas er i ein særleg vanskeleg stilling. Det er ikkje enkelt å sjå korleis dei skal kunne rette opp økonomien og statsfinansane innafor dei gitte rammene. Kanskje vil grekarane sjølv trekkje seg frå eurosamarbeidet, og heller be EU om hjelp til å redde bankar og bidra til ein akseptabel utgang. Det kan også gjere det enklare å redde euroen og eurosamarbeidet for resten av landet.

Nedgradering av fleire euroland

At ratingbyrået Standard & Poor's nedgraderte fleire av eurolanda 13. januar var inga stor overrasking, men understrekar utfordringane i Europa. Frankrike og Østerrike mista toppratinga si (AAA). Nedgraderinga, som kom saman med ei nedjustering for sju andre euroland som hadde lågare rating frå før, kan bety nedgradering og auka finansieringskostnader for krisefondet i EU (EFSF). Dette fondet er tiltenkt ei viktig rolle i redninga av euroen og europeiske bankar.

I følgje det amerikanske nyhendebyrået Bloomberg er det no berre 12 land som har høgst rating hos alle dei tre store byråa S&P, Moody's og Fitch. Dette er Australia, Canada, Danmark, Finland, Luxemburg, Nederland, Norge, Singapore, Storbritannia, Sverige, Sveits og Tyskland. S&P har justert ned "utsiktene" for Finland, Luxemburg og Nederland.


Verdsbanken åtvarar

Verdsbanken, som har hovudfokus på utviklingsland, åtvarar om at den globale økonomien er inne i ei "svært vanskeleg og farleg" fase. Dei åtvarar også framveksande land med høg vekst mot å tru at dei er immune i eurolanda og USA. Verdsbanken har no heilt på tampen justert ned vekstanslaga for fleire land, mellom anna i det austlege Europa. Dei ser for seg eit bilete der veksten vil vere på veg ned også i framveksande land det næraste halvåret, men deretter ta seg opp att. Dei ventar at heile verda får ein vekst på 2,5 prosent i 2012 etter 2,7 prosent i 2011, og aukande til 3,1 prosent i 2013. Veksten i verdshandelen anslår Verdsbanken til 4,7 prosent i 2012, etter 6,6 prosent i fjor, og dei ventar auke til 6,8 prosent i 2013. Dei anslår at USA får ein vekst på 2,2 prosent i 2012, eurolanda minus 0,3, Japan 1,3 prosent og utviklingslanda 5,4 prosent.

Situasjonen i Noreg er langt lysare. Arbeidsløysa er låg, lønsveksten har vore rimeleg god, og kjøpekrafta har auka. Forbrukarane er likevel i ferd med å bli meir forsiktige. Økonomien har i aukande grad preg av ei todeling. Det som har med petroleum og offshore å gjere er inne i en boom. Investeringane er rekordhøge og oljeprisen har også stige til eit høgt nivå, samtidig som det er gjort nye funn. For anna eksportretta næringsliv vil truleg situasjonen i aukande grad bli påverka av den svake marknadsvæksten i utlandet.

Artikkelen er utarbeidd for Næringsbarometeret av Innovasjon Norge i januar 2012.

Kapital – ei rasjonert vare?



Dystre økonomiske utsikter, auka risikopremie og strengare krav til kapitaldekning i bankane. Det er nokre av faktorene som vil påverke tilgangen på kapital for norske verksemdar i året som kjem.

Europeisk uvisse gir strammare kredittmarknad

Utviklinga i Europa er raskt vekslende. Dei siste månadene har det dagleg kome nye meldingar frå Europa som gir grunn til optimisme eine dagen, og skapar ny uro den neste. Gjeldskrisa i Europa har ført til uro også i norske finansmarknader. Noregs Bank har sett ned styringsrenta i eit forsøk på å dempe den verste turbulensen, men aktørane merkar likevel at kredittmarknaden har hardna til. - Alle har vorte meir forsiktige, og det har vorte mykje meir fokus på risiko. Krisa i Europa har auka risikopremien for kapitalen vi hentar inn både i Europa og Noreg. Så vi merkar absolutt uroa, seier Arvid Andenæs, administrerande direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane.

I desember sette Den europeiske sentralbanken i verk nye tiltak for å roe tilhøva i den europeiske finansmarknaden. Men dette har i liten grad kome låntakarar i kredittmarknaden

til gode. Lågare renter og moglegheita for europeiske bankar til å ta opp treårige lån med reduserte krav til sikring var nokre av tiltaka som vart innført for å redusere risikoen for fullstendig kredittskvis i den europeiske finansmarknaden. Men i staden for å låne ut pengar, valde europeiske bankar å sette pengane tilbake på konto i sentralbanken. Stadig fleire EU-land har fått nedgradert kredittverdigheta saman med EU sitt eige krisefond. Det medverkar til å auke mistilliten mellom bankane.

Bankane strammar livreima

Bedriftsundersøkinga til Næringsbarometeret viser at store delar av næringslivet ventar at investeringstakten vil flate ut i 2012. Det skuldast truleg frykt for innstrammingar i kredittmarknaden. Noregs Bank si utlånsundersøking for 4.kvartal 2011 viser at frykta ikkje er ugrunna. I løpet av siste kvartal

i fjor stramma norske bankar inn kredittpraksis overfor bedriftsmarknaden, særleg når det gjaldt utlån til næringsseigedom. I følgje rapporten er det venta ytterlegare innstrammingar i utlånspraksis i årets første kvartal.

Sjølv om den økonomiske krisa i Europa er det mest presserande, er det fleire faktorar som påverkar utviklinga i kapitalmarknaden og bankane sin utlånspolitikk. I følgje utlånsundersøkinga skuldast innstrammingane delvis strengare krav til kapitaldekning i bankane, noko som inneber at det blir mindre kapasitet totalt sett i bankmarknaden. Likevel uttala nyleg Bjørn Roger Wilhelmsen i First Securities til Dagens Næringsliv at han trur innstramminga framover blir marginal. Han trur heller ikkje at bankane kjem til å heve utlånsrentene framover, ettersom marginane har auka som følgje av at både styringsrenta og påslaga i pengemarknaden har gått ned i det siste.

Forsiktige optimistar trass alt

Trass signala frå bankane, er fleire optimistar med tanke på 2012. Anders Seim Jr. i Årdals-verksemda HMR Hydeq ser lyst på det. - Kapital er ikkje noka utfordring hos oss då vi har lagt bak oss 56 lønsame år, med strategiske investeringar og eit privat eigarskap som trygjer framtida.

Seim Jr. får støtte frå Tor Øyvin AA, dagleg leiar i Brødrene AA. - Vi har sjølv ikkje hatt konkrete problem med å få tilgang til den kreditten og kapitalen vi treng for å operere, men vi får sjølvstøtt signal om at krava har vorte tøffare. Brødrene AA merkar innstrammingane tydelegare i den internasjonale marknaden. - Vi merkar at kundane våre internasjonalt slit når det gjeld tilgang på kapital og finansiering, men i Noreg er det så langt ikkje slike problem, seier Aa.

Heller ikkje regionssjef Olav Hjelle i Sparebanken Vest er uroa for kapitaltilgangen i næringslivet. I 2011 hadde banken ein utlånsvekst til næringslivet i fylket på 10 prosent, medan den nasjonale utlånsveksten låg på mellom 4 og 5 prosent. Hjelle ventar god vekst òg i 2012. Banken har heller ikkje endra sin utlånspolitikk som følgje av uroa i marknaden. - Vi stiller sjølvstøtt større krav til verksemdar med negative resultat, svak leiing og låg eigenkapital. For denne type verksemdar krev vi større eigarmedverknad i finansieringa, men det er ikkje noko nytt som følgje av uroa no, seier Hjelle. Urolege tider legg heller ingen dempar på banken si grüundersatsing i fylket. - Vi har midlar som vi er klar til å dele ut også i 2012, seier Hjelle om satsinga som har vore ein del av den allmennyttige verksemda til banken sidan 2008.

Hjelle trur at låge forventingar til nye investeringar

først og fremst skuldast marknadstilhøva og ikkje redusert tilgang på kapital. - Verksemdene ventar ei utflating av aktivitetsnivået. Det gjer at dei har kapasitet til å ta unna etterspurnaden, og ikkje har det same behovet for nye investeringar, meiner Hjelle. Med andre ord trur han verksemdene utsett investeringar som følgje av endra marknadstilhøve. - Det såg vi òg i 2009. Då valde mange verksemdar å satse på arbeidstakarane og auka kompetanse. Det gjorde at næringslivet i fylket kom styrka ut av krisa.

Uvisst for langsiktige investeringar


Sjølv om mange er forsiktige optimistar med tanke på 2012, er langtidsperspektivet meir usikkert. Konsernsjef Ole Schanke Eikum i Sogn og Fjordane Energi er uroa for at ein stramare kapitalmarknad vil få konsekvensar for nye, langsiktige satsingar. - Vi planlegg ikkje nye lån i 2012, men kjem til å rullere lån. Det reknar vi med å få til. Så vi er ikkje stressa, men eg registrerer uro i bransjen. Og eg reknar med at det på sikt vil bli meir utfordrande å få tilgang på kapital, noko som mellom anna kan få konsekvensar for satsinga på fornybar energi, både for oss og for bransjen elles, seier Eikum.

Uroa er nok ikkje ugrunna. Andenæs i Sparebanken Sogn og Fjordane trur kapital kjem til å bli ei rasjonert vare i åra framover, og at prisen på kapital vil etablere seg på eit permanent høgare nivå.

Trugsmål mot distrikta?

Andenæs i Sparebanken Sogn og Fjordane trur innstrammingane i kapitalmarknaden kan ramme distrikta særleg hardt. - Nordiske bankar satsar i sterkare grad på vekstmarknadene, og mindre på distrikta. Det utgjør eit trugsmål for Sogn og Fjordane, seier Andenæs, som meiner konkurransen i banknæringa i fylket er for svak. - Skilnaden mellom by og land blir større. Bankar blir meir forsiktige med å låne ut til realaktiva, som til dømes forretningsbygg, fordi det er vanskeleg å omsetje. Byggjer ein eit forretningslokale i Sogn og Fjordane, er tilgangen på kjøparar mindre enn til dømes i Åsane. Gjeldskrisa styrkjar sjølvstøtt desse tendensane og gjer det vanskelegare for næringslivet i fylket, meiner Andenæs, som likar utviklinga dårleg. - Ei velfungerande finansnæring er naudsynt for næringslivet i regionen. Heldigvis er også Sparebanken Vest flink å satse her i fylket. Hjelle frå Sparebanken Vest er på si side optimistisk på vegne av næringslivet i fylket. - Eg trur 2012 blir eit godt år og at Sogn og Fjordane vil oppleve vekst.

NAV trur på uendra arbeidsløyse i 2012



Auka etterspurnad etter arbeidskraft i industri, bygg og anlegg har medverka sterkt til at gjennomsnittleg arbeidsløyse i Sogn og Fjordane vart redusert med 12 prosent frå 2010 til 2011. NAV i Sogn og Fjordane trur at arbeidsløysa vil halde seg uendra i 2012, men det er noko uvisse knytt til utviklinga i internasjonal økonomi og situasjonen for enkeltverksemdar i fylket.

Sogn og Fjordane med lågast arbeidsløyse i landet

Ved utgangen av januar var 1 026 personar i Sogn og Fjordane - 1,8 prosent av arbeidsstyrken - heilt utan arbeid. Det er ein reduksjon på 23 prosent frå januar 2011.

I 2011 hadde Sogn og Fjordane, året sett under eitt, ein reduksjon i arbeidsløysa på 12 prosent. På landsnivå var reduksjonen på sju prosent. Sogn og Fjordane hadde også færre personar på arbeidsmarknadstiltak enn landsgjennomsnittet. Dersom vi reknar med personar på arbeidsmarknadstiltak blir reduksjonen i arbeidsløysa 14 prosent i Sogn og Fjordane og seks prosent på landsnivå.

Sogn og Fjordane hadde lågast arbeidsløyse i landet i 2011. Fylket hadde i gjennomsnitt 1,9 prosent av arbeidsstyrken registrert heilt utan arbeid, mot 2,7 prosent på landsbasis. I tillegg var 0,2 prosent av arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane på arbeidsmarknadstiltak, mot 0,6 prosent på landsnivå (figur 1).

Størst reduksjon i industri, bygg og anlegg


I Sogn og Fjordane har gjennomsnittleg arbeidsløyse gått ned i dei fleste yrkesgruppene frå 2010 til 2011 (figur 2). Nedgangen er størst innanfor industriarbeid og bygg og anlegg. Innanfor helse, pleie og omsorg og barne- og ungdomsarbeid, har arbeidsløysa auka. På landsnivå har det vore ei liknande utvikling.

Nedgang i arbeidsløysa i Sunnfjord og ytre Sogn

Regionane Sunnfjord og ytre Sogn/ytre Sunnfjord har ein reduksjon i gjennomsnittleg arbeidsløyse på høvesvis 25 prosent og 22 prosent frå 2010 til 2011. Sogn og Nordfjord har ein svak auke i arbeidsløysa på høvesvis tre prosent og to prosent. Sogn har likevel klart lågast arbeidsløyse med 1,4 prosent, mens Nordfjord har høgast arbeidsløyse med 2,3 prosent. I Sunnfjord er det Flora og Høyanger som står for størsteparten av reduksjonen i arbeidsløysa, mens det i Nordfjord er kommunane Vågsøy, Selje og Eid som står for auken i arbeidsløysa.

Arbeidsløysa ned blant menn, uendra blant kvinner

Mens kvinner har uendra gjennomsnittleg arbeidsløyse frå 2010 til 2011, har menn ein reduksjon på 18 prosent. For-



Figur 1 Arbeidsledige og deltakarar på arbeidsmarknadstiltak i fylka, i prosent av arbeidsstyrken. Gjennomsnitt 2011. Kjelde: NAV

skjellen kan forklarast med at nedgangen i arbeidsløysa har vore størst i mannsdominerte yrke i industri bygg og anlegg. Arbeidsløysa har auka i kvinnedominerte yrke innafor offentlig sektor, reiseliv og delar av industrien. Den same utviklinga ser vi på landsnivå. Her har menn ein reduksjon på 12 prosent og kvinner ein auke på to prosent. Forskjellane når det gjeld kjønn og næring er stort sett dei same som i Sogn og Fjordane.

Arbeidsløysa mest ned blant etnisk norske

Mens arbeidsløysa i Sogn og Fjordane har gått ned med 17 prosent blant etnisk norske frå 2010 til 2011, har ikkje-vestlege innvandrarar ein auke på seks prosent. Innvandrarar frå vestlege land har om lag uendra arbeidsløyse. På landsnivå er ikkje forskjellane like store. Her har norske ledige og innvandrarar frå vestlege land om lag like stor reduksjon i arbeidsløysa, høvesvis ni og åtte prosent. Ikkje-vestlege innvandrarar har om lag uendra arbeidsløyse.

Svak auke i stillingstilgangen

Frå 2010 til 2011 har Sogn og Fjordane hatt ein auke i stillingstilgangen på sju prosent. På landsnivå har det vore ein auke på to prosent i same periode. Dette gjeld stillingar som er lyste ut offentlig gjennom media og NAV.


I Sogn og Fjordane er den prosentvise auken størst innafor industri, bygg og anlegg og ingeniør og IKT-fag. Dei same kategoriane er blant dei som har størst auke også på landsnivå, men her har i tillegg barne- og ungdomsarbeid ein monaleg auke. I Sogn og Fjordane er det denne kategorien som har størst nedgang i stillingstilgangen.

Ved utgangen av desember var det 702 ledige stillingar i Sogn og Fjordane. Det var flest ledige stillingar innafor bygg og anlegg, industri og reiseliv og transport. Mange av dei ledige stillingane i bygg og anlegg er offshore.

Mest truleg uendra arbeidsløyse i 2012


Ifølgje dei siste prognosane frå NAV, kan arbeidsløysa på landsnivå auke med i gjennomsnitt 1,4 prosent i 2012. NAV Sogn og Fjordane trur mest på uendra arbeidsløyse, men det er uvisse knytt til utviklinga i internasjonal økonomi og situasjonen for enkeltverksemdar i fylket. Det gjennomsnittlege talet på arbeidslause i Sogn og Fjordane i 2012 kan dermed bli om lag det same som i 2011, 1084 personar.

Artikkelen er utarbeidd for Næringsbarometeret av NAV i januar 2011.



Figur 2: Prosentvis endring i gjennomsnittleg tal på heilt ledige frå 2010 til 2011, etter yrkesbakgrunn. Kjelde: NAV

Pause i byggjeboomen?



Byggje- og anleggsnæringa har gode tider, men likevel er forventningane låge hos mange verksemder i bransjen. Trua på auka omsetnad og lønsemd har falle sterkt siste året.

Gode konjunkturar, svekka forventingar

Forventningane til omsetnad og lønsemd blant verksemdene i byggjenæringa og eigedomsmarknaden har gått kraftig ned samanlikna med året før. Det skjer trass i positive rapportar frå Statistisk Sentralbyrå om omsetnad og ordretilgang i vestlandsfylka. Verksemdene har òg minska tru på at inves-


teringar og tilsetting vil auke. Det syner tala frå Bedriftsundersøkinga (figur 1). Men her er endringane mindre dramatiske enn for omsetnad og lønsemd.

Skil seg frå andre næringar


Saman med transport og engroshandel skil byggje- og eigedomsbransjen seg frå den generelle trenden i fylket når det

gjeld forventningar. Begge er konjunktursensitive næringer. Med tanke på uroa i den internasjonale økonomien, er det difor ikkje overraskande at bransjane dempar sine forventningar for det neste året etter to år med jamn vekst. Det er særleg med omsyn til omsetnad at byggje- og eigedomsbransjen skil seg ut. Medan 50 prosent av verksemdene i alle næringer ventar ein auke i omsetnad det neste året, er det berre 37 prosent av verksemdene i byggje- og eigedomsnæringa som seier det same. 16 prosent av dei som har svart ventar dårlegare omsetnad i 2012 enn i 2011.


Dei einiskilde verksemdene ser framtida særst ulikt. Flest melder om gode tider og høg etterspurnad, ikkje minst innan det ei av verksemdene kallar nisjebransjar (til dømes offentlege bygg, rehabilitering, asfaltarbeid). Dei som ventar ei forverring i marknadssituasjonen framover, forklarar dette oftast med mangel på tomter og liten etterspurnad i bustad- og hyttemarknaden. Nokre er opptekne av at byggje- og anleggsnæringa er strengt styrt av offentlege reguleringar og EU-reglar. Andre saknar ei meir aktiv politisk haldning for å få offentlege styresmakter til å betre vilkåra for næringa.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 41. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa byggjenæring og eigedomsmarknad er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Høg etterspurnad etter faglærde

Det er store skilnader i forventningar til marknadssituasjonen mellom byggje- og eigedomsverksemdene og dei andre næringane i Sogn og Fjordane. Heile 21 prosent av verksemdene i byggje- og eigedomsbransjen trur marknadssituasjonen i 2012 vil bli verre enn den var i 2011, medan gjennomsnittet for alle næringer berre er 11 prosent.

Trass låge forventningar til marknadssituasjonen, er det eit poeng at tre av fire verksemdar likevel trur neste år blir likt eller betre enn det førre. Ein må òg sjå dette i samband med at ei av tre verksemdar ventar å auke talet på tilsette neste år. Estimert frå Næringsbarometeret tyder på at det vil bli kring 150 nye arbeidsplassar i næringa i 2012. Samstundes melder ei av fire verksemdar at dei har ledige stillingar som følgje av rekrutteringsproblem. Så godt som alle verksemdene opplever vanskar med å rekruttere fagarbeidarar. Men her spelar den økonomiske utviklinga i Europa og dei tradisjonelle sesongsvingingane i denne arbeidsmarknaden òg inn.

fakta

Dette er den femte største næringa i Sogn og Fjordane. Meir enn 4 200 er tilsette innan byggje- og anleggssektoren og 366 innafor eigedomsbransjen. Endringar i byggje- og anleggssektoren blir primært målt i produksjon av nye bygg og bustader, medan eigedomsmarknaden blir målt i omsetnaden av desse. I 2011 var det ein vekst i omsetnad på 14,6 prosent i byggje- og anleggsverksemda i Sogn og Fjordane, ifølgje Statistisk sentralbyrå. Dette var høgare enn landsgjennomsnittet på 12,3 prosent. Saman med marknaden i Hordaland vaks ordretilgangen med heile 38 prosent. Dette var den sterkaste veksten i Noreg.

TRENG FLEIRE HENDER

- Det er arbeid til alle i byggjenæringa i Sogn og Fjordane. Det meiner dagleg leiar Leif Arne Åsen i entreprenørverksemda Åsen og Øvrelid AS. - Nokre prosjekt kan til og med ha vorte satt på vent fordi det ikkje er folk nok til å gjere arbeidet. Byggje- og anleggsbransjen er svært konjunkturavhengig og følgjer endringar i rentemarknaden og folk sine forventningar, seier Åsen. - Nett no lever vi rimeleg godt på den store omsetnaden i bustadmarknaden i første halvår av 2010, medan den komande hausten og dei fyrste månadane i 2013 vil bli avhengig av korleis salet av bustadar går denne våren.

Åsen og Øvrelid AS opererer innafor bustadsektoren i fylket, overfor privat næringsliv og i offentleg sektor. I tillegg til svingingane i bustadmarknaden blir òg offentlege byggjeprosjekt ein uviss faktor framover, trur Åsen. Han legg til at i privat sektor aukar salet av verksemdar og med det forsvinn pengane ut av fylket. - Det er ein skrikande mangel på kapital i Sogn og Fjordane, sjølv om verdiskapinga i andre næringer er god. Dette påverkar òg vår bransje, seier Åsen.

Heime best



Trass i krisesignal frå Europa, stig optimismen i industrien i fylket. Men låge prisar og fallande etterspurnad gjer eksportverksemdene meir usikre på framtida.

Auka optimisme, trass krisesignal

-Vi er slett ikkje uroa for framtida og planlegg vidare vekst også i året som kjem, seier Tor Øyvind Aa, direktør i Brødrene Aa. Verksemda i Hyen byggjer snøggåtar for norske og internasjonale kundar. Dei er ikkje den einaste industriverksemda i fylket som ser lyst på framtida trass i krisesignala frå europeisk økonomi. Fire av ti industriverksemdar i Sogn og Fjordane ser for seg å tilsetje fleire medarbeidarar i året

som kjem. Om lag like mange ventar at drifta skal bli meir lønnsam. Heile seks av ti ventar auka omsetnad. Dette er positive signal samanlikna med stemninga for eit år sidan og forventingsindeksen for industrien gjer eit hopp frå 16 til 30 poeng.

Framleis vekst i omsetnaden av industrivarer

Både omsetnaden og produksjonen i den norske industrien var på veg opp mot slutten av 2011. Det syner tal frå SSB.


Veksten kjem hovudsakleg frå heimemarknaden og får sterk draghjelp frå det høge aktivitetsnivået i petroleumssektoren. Dei sterke vekstimpulsane frå olje- og gassverksemda vil ikkje bli mindre i det komande året. Dei siste investeringsestimata for 2012 er på heile 185 milliardar kroner. Mykje av dette kjem leverandørindustrien på Vestlandet til gode.

Industrien i Sogn og Fjordane er likevel mykje mindre petroleumsretta enn industrien lenger sør på kysten. I følgje Bedriftsundersøkinga har berre 20 prosent av industriverksemdene i Sogn og Fjordane petroleumsretta omsetnad. I Hordaland er talet rundt 40 prosent. Det er heller ikkje merkbar skilnader i forventingar og marknadsvurdering mellom dei petroleumsretta industriverksemdene og resten av industrien i fylket. Næringslivet i Sogn og Fjordane ser difor ikkje ut til å dra nytte av dei sterke vekstimpulsane frå oljesektoren.


Eksportindustrien slit

Medan heimeindustrien har gjort det rimeleg bra dei siste månadane, er det tøffare tider for eksportindustrien. Det viser tal frå SSB. Både omsetnaden og prisane har gått ned i det siste kvartalet samanlikna med månadane før. Det er særleg næringer som metallindustri og kjemiske råvarer som har merka fallande prisar og etterspurnad i sine marknader.

Ei verksemd som har fått merke konsekvensane av prisnedgangen, er HMR Hydeq i Årdal. Verksemda leverer utstyr til aluminiumsindustrien både i Noreg og utlandet. - Låg aluminiumspris reduserer investeringsviljen og dermed etterspurnaden etter våre produkt, seier Anders Seim Jr., dagleg leiar ved HMR Hydeq. - Så langt har vi møtt utfordringane med å gire om produksjonen frå dyrt utstyr som krev store investeringar, til mindre og billigare produkt. Vi har også satsa mykje på utvikling av teknologi som gir miljøgevinstar og som sparar arbeidskraft, seier Seim. - Vi håpar dette skal hjelpe oss å unngå oppseiingar i dei 1-2 vanskelege åra vi ventar å ha framfor oss.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemnd og investeringar. N = 45. Kjelde: Bedriftsundersøkinga




Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

Ei anna eksportverksemd i Årdal som står overfor store utfordringar, er solenergiselskapet Norsun. Verksemda leverer solceller (wafere) til produsentar av solenergiprodukt i Asia og USA. Næringa har dei siste to åra vore prega av aukande overkapasitet, særleg frå nye aktørar i Kina. Svikt i den europeiske marknaden er ei anna utfordring. Trass i aukande etterspurnad utanfor Europa, vil nullvekst eller i verste fall reduksjon i etterspurnaden frå Europa gjere 2012 til eit svært utfordrande år. - Vi opererer likevel i eit segment av marknaden som er mindre utsett for konkurranse frå Kina enn til dømes REC, seier dagleg leiar Jon Hindar. - Vi håpar difor å ende med eit positivt resultat òg i 2012.

Kapitaltilgang og kronekurs er avgjerande

Forventingane til 2012 er mykje lågare blant eksportverksemdene enn i heimeindustrien. Medan den samla forventingsindeksen for heimeindustrien er på 39 poeng, er den tilsvarande verdien for eksportindustrien berre 4 poeng. Fleire eksportverksemdar ventar reduksjon enn vekst i talet på tilsette og investeringar i 2012. Dei låge investeringsutsiktene heng truleg saman med frykt for innstrammingar i kredittmarknaden. I verftsindustrien er det særleg mangelen på kreditt for kundane som skapar uro. Kapitaltørke kan gjere det vanskeleg å få realisert nybygg. - Vi merkar godt at dei internasjonale kundane våre slit når det gjeld tilgang på kapital og finansiering, seier Tor Øyvinn Aa, dagleg leiar i Brødrene Aa. Utviklinga i kronekursen er òg avgjerande for eksportindustrien i fylket.

Sjølv om eksportindustrien er stor i kroner og øre, utgjør den ein relativt liten del av den samla industrien i Sogn og Fjordane i talet på verksemdar - berre rundt 16 prosent, i følgje Bedriftsundersøkinga. Dette er ein viktig grunn til at industrien samla sett kjem så godt ut i dette Næringsbarometeret.



Figur 3: Sysselsette fordelt på industrigrupper. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsetningsstatistikk

BRØDRENE Aa SET OPP FARTEN

Verftet Brødrene Aa i Hyen har rundt 90 tilsette og produserer snøggåtar for norske og internasjonale kundar. - Vi har innsett at vi må ut av Noreg for å vekse, seier dagleg leiar Tor Øyvinn Aa. I dag kjem omlag 20 prosent av omsetnaden frå eksport. - Talet på nybygde snøggåtar i verdsmarknaden var faktisk lågare i 2011 enn for noko anna enkeltår dei siste 30 åra. Dette er sjølv sagt eit problem for oss, men har så langt ikkje sett ein stopp for planane våre om vidare internasjonal vekst, seier Aa. Optimismen skuldast mellom anna at verksemda produserer svært lette båtar som møter dei internasjonale kundane sine krav til låge driftsutgifter og utslepp av miljøgassar. I tillegg har verksemda dei siste åra satsa mykje på å rasjonalisere eiga verksemd for å få ned produksjonskostnadene.

Vekstmotor med kompetansebehov



22 nye oljefunn sist år vil føre til investeringar på meir enn 185 milliardar kroner i Nordsjøen i 2012. Det trengst satsing og meir lokal kompetanse hos verksemdene i Sogn og Fjordane for å nytte potensialet i desse investeringane.

Investeringar gir nye utsikter

Dei store investeringane er gode nyhende for petroleums-miljøet i Sogn og Fjordane. Dette miljøet er ikkje særleg stort samanlikna med nabofylka. Men det veks, og dei varsla investeringane kan gi utsikt til stor utvikling. Spesielt gjeld dette Flora og nabokommunane, samt Fjaler og Gulen. Det meiner seniorrådgjevar Audun Erik Sunde som har base i Florø.

- I Florø har det dei siste åra vore ei stor utbygging av forsyningsbasen. Mykje nytt areal er tilrettelagt og disponert. Diskusjonane om vidare arealutvikling har starta for fullt, seier Sunde.

Fleire aktørar i oljebransjen

15 prosent av verksemdene som har svart på Bedriftsundersøkinga til Næringsbarometeret oppgir at dei har verksemd relatert til petroleum. Sunde peikar på at fleire aktørar har kome til dei siste åra. - Statoil var lenge einaste operatørselskap, men no har GdF Suez etablert seg med eigen organisasjon. Vi har òg fått tilført ny kapasitet innan forsyningsfartøy, helikopter og verkstad- og lagerhaller for undervassutstyr.

I tillegg ser det ut til at BG Norge er på veg til Florø saman med Teekay Petrojarl, som har hovudkontor i Trondheim. Dei vil posisjonere seg med tanke på utbygginga av oljefeltet Knarr, 120 kilometer vest for Florø. I følgje Olje- og energidepartementet vil investeringane i Knarr sentral bli på 6,3 milliardar og i Knarr vest på 11,2 milliardar kroner. Planlagt produksjonsstart er 2013 med venta drift i opptil 20 år. Florø vil bli base for forsyningar og persontransport med drifts- og basekontor for BG Norge/Teekay Petrojarl.

Framleis er det meste av aktiviteten knytt til Statoil sine operasjonar. Selskapet sitt logistikksenter for røyr ligg i Florø. Der landar dei alle røyr for bruk på norsk sokkel, og i nokre samanhengar òg for internasjonale operasjonar. - Prosjektet Snorre 2040 syner at Statoil har ambisjonar om drift på feltet minst så langt fram i tid. Gullfaks 2030 er eit anna talande prosjektnamn, seier Sunde.

Lågare forventingar

Trass dei positive utsiktene, er forventingane til det komande året sterkt redusert blant dei petroleumsrelaterte verksemdene i fylket, samanlikna med førre Næringsbarometer. Sjølv om halvparten ventar auka omsetnad i 2012, er det også ein del som trur at lønsemda vil gå ned. Knappt ei av fem verksemdar ventar lågare marginar i 2012.

Berre når det gjeld endringar i talet på tilsette og investeringar er petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane meir positiv enn andre verksemdar i fylket (figur 1). På spørsmål

om omsetnad og lønsemd er petroleumsretta industri meir negativ enn verksemdar som ikkje er oljerelaterte. Her skil Sogn og Fjordane seg klart frå Hordaland, der petroleumsnæringa generelt har ei meir positiv tru på 2012 enn annan industri.

For få ressursar


Ei utfordring for verksemdene i Sogn og Fjordane er å posisjonere seg i petroleumsnæringa, for å skape ny sysselsetting og verdiskaping i fylket. Dei har ikkje lukkast like godt i dette som verksemdar i nabofylka Hordaland og Møre og Romsdal. Det syner ein studie Eirik Vatne gjorde i 2007. Der viste det seg at mykje av næringslivet i Sogn og Fjordane er sett saman av små og relativt ressursvake verksemdar: «I løpet av de 30-40 årene som petroleumsaktivitetene har pågått i Norge har disse ikke maktet å etablere seg som volumprodusenter eller spesialister i denne bransjen.»

Vekst gjennom kompetanse

Nesten 30 prosent av oljeutvinninga skjer i dag mellom 61. og 62. breiddegrad. Det nye Gjøa-feltet ligg berre 63 km ut frå kysten av Sogn og Fjordane. Hovudutfordringa for verksemdar i Sogn og Fjordane er å utvikle kunnskap og kompetanse for å kunne nytte seg av dette potensialet. Bedriftsundersøkinga viser at kvar tredje oljerelaterte verksemd i fylket har ledige stillingar som følgje av rekrutteringsvanskar. Problema er størst når det gjeld fagarbeidarar, men òg tilgang på høgt utdanna teknisk personell (ingeniørar o.l.) er ei utfordring. 40 prosent av verksemdene har vanskar med å rekruttere denne type kompetanse.

Vellukka nettverksprosjekt



«Riggsservice Florø» er eit lokalt initiativ for å imøtekomme behovet for kompetanse. Nettverksprosjektet mellom seks verksemdar i Flora ønskjer å skape ny aktivitet ved STX Norway Florø as. Dei er ein del av verksemda til industriinkubatoren Fram Flora as, som skal hjelpe STX Norway Florø as til å bli «leiande på reparasjon, vedlikehald og ombygging av skip, boreriggar og andre offshoreinstallasjonar.» Målsettinga er å stadfeste første riggkontrakt for Riggsservice Florø før 3. kvartal 2012 og nå ein årleg omsetnad på minimum 200 millionar. - Prosjektet har så langt vore vellukka, seier prosjektansvarleg Stein Kvalsund. - I januar 2012 vart det planlagt å vidareføre prosjektet langs dei same linjene vi har arbeidd til no.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar reduksjon neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 31. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

transport og engros

Vegen blir brattare



Transport og engroshandel er blant dei næringane som merkar uroa i verdsøkonomien godt. Bransjen har klart lågare forventingar til 2012 enn dei hadde til 2011, men det ligg framleis an til vekst.

Forventingane går ned


Etter at næringa i 2010 hadde stor tru på 2011, er forventingane for 2012 meir lunkne. Bedriftsundersøkinga syner at vel ei av tre verksemdar ventar auka lønsemd i 2012, medan halvparten av verksemdene ser for seg omsetnadsvekst i 2012. Transport og engroshandel er den næringa som har størst reduksjon i forventingane av alle næringane i Næringsbarometeret samanlikna med 2011. Verksemdene ventar framleis vekst i 2012, men venta vekst er mykje lågare enn den var for 2011. Likevel ser ein at forventingane ikkje er like låge som under finanskrisa i 2009.

Ei konjunkturuttsett næring


Leif Øverland, konsernsjef i transportkonsernet Fjord1 merkar at bransjen er konjunkturuttsett. - Vi ser at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er sensitive for konjunktursvingingar, medan spesielt Rogaland verkar tilnærma uavhengig av desse. Øverland meiner ferjetrafikken er ein god konjunkturindikator. - Mellom Stavanger og Bergen er det vekst i yrkestrafikk på ferjene, medan det nordover er om lag flatt. Dette stemmer også overeins med Næringsbarometeret sine tal. Den samla forventingsindeksen i næringa fell frå 45 til 29 poeng i Sogn og Fjordane, medan den stig i Hordaland. Oljeeffekten som Rogaland og Hordaland opplev gir ein heilt annan optimisme enn det ein ser i Sogn og Fjordane.

Ventar nye arbeidsplassar, trass redusert vekst

Sjølv om forventingane for 2012 er låge, viser tal frå Bedrifts-



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 24. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

fakta


Transport og engrosnæringa sysselset 4912 personar i Sogn og Fjordane, 9 prosent av den samla sysselsettinga i fylket. Næringa omfattar land- og sjøtransport av gods og passasjerar, agentur og engroshandel.

undersøkinga at næringa ventar ein auke i sysselsettinga på rundt 6 prosent. Fjord1 er ei av verksemdene der det vil kome nye arbeidsplassar i løpet av det neste året. - 2012 vil bli eit spanande år for Fjord1, mellom anna fordi Fylkesbåtane AS, Fjord 1 MRF AS og Fjord1 Nordvestlandske AS skal fusjonera inn i eit nytt selskap, Fjord1. Dette vil skape fleire nye og spanande arbeidsplassar i reiar drifta til Fjord1, seier Øverland.

Nye reglar for busstransport

Transportbransjen er prega av stadig aukande internasjonal konkurranse. Medan det i lang tid har vore reglar for kor lenge og kor mange turar utanlandske vogntog kan køyre i Noreg i eit gitt tidsrom, har reglane for turbussar vore meir uklare. No ligg det an til klarare avgrensingar for bruk av utanlandske bussar, noko reiselivsnæringa har uttrykt skepsis til.

Øverland i Fjord1 meiner dei overdramatiserer situasjonen. - Dette er slått stort opp som at det vil ramme reiseliv. Men dei nye reglane er ikkje stramme, og endringane i turbussmarknaden vil ikkje bli dramatiske. Han har likevel forståing for at det kan bli nokre kapasitetsproblem i 2012 sidan endringane i regelverket kjem kjapt. Men han meiner kapasiteten i den norske turbussmarknaden er god og lett vil kunne aukast i 2013. Sjølv gjer Fjord1 det greitt på turbussmarknaden, dei er retta mot faste kundar som ønskjer kvalitet. - På pris er det umogleg å konkurrere med dei utanlandske verksemdene om ein ønskjer å betale tariff og overhalde kviletidsreglar, seier Øverland.




Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjene som gruppa transport og engros er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsetningsstatistikk

KAN IKKJE KONKURRERE PÅ PRIS ÅLEINE

Gitle Sande er dagleg leiar i Nistad transport. Verksemda, som ligg i Sande i Gaular kommune, er ein nasjonal aktør, og storparten av køyringa er langtransport utafor fylket. Sande meiner marknadssituasjonen for transport generelt er vanskeleg. - Det er sjeldant gode tider i transportnæringa. Det er ein prispressa og konjunkturfølsam bransje.

Nistad transport har spesialisert seg på transport av kjøl- og frysevarer. Dette gjer at dei ikkje er like utsett for konjunktursvingingar som mange andre transportselskap. - Vi har faste kontraktar med dei største næringsmiddelproducentane i Noreg og er ikkje så utsett som dei som fraktar stykk gods, seier Sande. Den største utfordringa framover er kostnader som ikkje let seg kontrollere, slik som oljeprisen. Denne er stadig aukande og ein stor del av driftskostnadane på bilane. Prispressing er òg eit stort problem. - Marginane er små og ei verksemd som vår kan aldri konkurrere på pris åleine, seier han og legg til at kundar òg er opptekne av kvalitet, spesielt på faste ruter. På spot-marknaden, den delen av køyringa som ikkje er kontraktskøyning, merkar Nistad transport konkurransen frå utanlandske transportfirma i aukande grad. Dette er likevel berre ein liten del av omsetnaden for verksemda.

Endeleg opptur




Verksemdene innafor finansiell og forretningsmessig tenesteyting trur på auka lønsemd i det komande året. Men investeringslysta minkar som følgje av uroa i kapitalmarknaden.


Høgare aktivitetsnivå gir nye arbeidsplassar

Næringa ser endeleg ut til å hente seg inn att etter finans-krisa i 2008. Medan andre næringar starta på oppturen alle-reie i løpet av 2009, har denne næringa lege på eit jamt lågt nivå sidan fallet i 2009. Men no ser aktiviteten ut til å auke gjennom 2012. Bedriftsundersøkinga syner at 85 prosent av verksemdene vurderer den noverande marknadssituasjonen positivt, og berre 4 prosent av verksemdene ventar ei forverring det neste året.


60 prosent av verksemdene ventar auka omsetnad i 2012. Også utsiktene for arbeidsmarknaden er gode. Nærare 1 av 3 ventar auke i talet på tilsette, medan ingen planlegg å redusere arbeidsstokken. Dersom estimata er korrekte, kan ein vente kring 300 nye arbeidsplassar i næringa det komande året.



Figur 1: Forventningsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N=27. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventningsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa finansiell og forretningsmessig tenesteyting er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk


fakta
3692 personar arbeider innanfor finansiell og forretningsmessig tenesteyting, 6,8 prosent av den samla sysselsettinga i Sogn og Fjordane.

Trur på auka lønsemd

2012 er venta å bli eit godt år også når det gjeld lønsemd. Over halvparten av verksemdene trur 2012 vil gi eit betre resultat enn fjoråret og at marginane vil auke. 15 prosent trur på eit dårlegare resultat. Dette er kanskje noko overraskande, sidan mange verksemdar i denne næringa er avhengig av at det går godt også i andre næringar. No er både forventningane og marknadsutsiktene i andre næringar lågare enn tidlegare. Då skulle ein tru at dette ville gi seg utslag i reduserte forventningar også hos tenesteleverandørane. Tvert imot ser det ut til å vere få teikn på nervøsit i næringa.

Investeringslysta minkar

Utsiktene for nye investeringar er det einaste som tyder på eit visst atterhald blant verksemdene. 12 prosent ventar lågare investeringar det neste året. Uvissa om kva 2012 vil bringe spelar sjølvst inn. Lågare investeringsvilje heng nok saman med frykta for innstrammingar i kapitalmarknaden som følgje av euro-krisa og endra rammevilkår.




Figur 4: Prosentvis del av samla årsverk som er leigd inn frå bemanningsselskap. Kjelde: NHO Service

BEMANNINGSBRANSJEN TEK PULSEN PÅ NÆRINGS-LIVET

Ein bransje som lever av å tilby arbeidskraft til andre verksemdar, merkar raskt når det kjem eit økonomisk véromslag. Når verksemdene strammar inn, er mellombels tilsette og innleidd arbeidskraft gjerne dei første som blir råka. - Utviklinga i bransjen kan sjåast som eit barometer på utviklinga i næringslivet elles, seier Even Hagelien i NHO Service. Dei organiserer majoriteten av norske bemanningsverksemdar. Til saman står medlemsverksemdene for nær 90 prosent av den samla omsetnaden i bransjen.

Bemanningsbransjen er først og fremst eit storbyfenomen. Sogn og Fjordane har difor historisk lege godt under landsgjennomsnittet når det gjeld bruk av bemanningstenester. Men også her har bransjen fått auka innpass, særleg innafør bygg og anlegg og helse/omsorg. Hagelien meiner den positive trenden som har prega bransjen dei siste åra er i ferd med å snu. - 2012 vil bli eit krevjande år for bemanningsbransjen. I tredje kvartal 2011 såg vi at konkurranseutsett industri opplevde nedgang i bruk av innleidd arbeidskraft. Mykje tyder på at også resten av næringslivet i 2012 vil møte større utfordringar. Det er sjølvst og ei viss spaning knytt til innføringa av vikarbyrådirektivet. Hagelien er spent på korleis marknaden vil reagere på høgare prisar i ein eventuell nedgangskonjunktur. Men han er viss på at næringslivet også i 2012 vil vere villig til å betale for den fleksibiliteten som bemanningsselskapa kan tilby.

Bur seg på større nøysemd



Etter to gode år ligg det framleis an til vekst i varehandel og personleg tenesteyting. Men dei urolige tidene i Europa gjer at verksemdene er varsame med å vente for mykje av 2012.

Blanda signal frå forbrukarane

Den siste tida har det kome stadige åtvaringar om at òg norsk økonomi går hardare tider i møte. Handleglade nordmenn ser no ut til å ta åtvaringane på alvor. Sjølv om julehandelen i Sogn og Fjordane i 2011 auka med 1,5 prosent samanlikna med desember 2010, syner dei sesongjusterte tala frå SSB at detaljhandelen på landsbasis opplevde ein svak reduksjon i omsetnaden frå november til desember i fjor.

Mindre optimisme, men framleis vekst

Hos bransjen sjølv er forventingane òg delte. Nær sagt alle verksemdar innan varehandel og personleg tenesteyting meiner at den generelle marknadssituasjonen for verksemda deira er tilfredsstillande eller god, og 9 av 10 verksemdar trur marknadssituasjonen vil vere uendra eller betra i 2012.

Ein anar likevel ein ei viss uro blant verksemdene. Sjølv om knapt halvparten av verksemdene ventar omsetnadsvekst og 40 prosent ventar auka lønsemd i 2012, er forventingane markert lågare enn for 2011, ikkje minst når det gjeld lønsemd. Også når det gjeld sysselsetting er forventingane lågare enn for fjoråret. Ei av fire verksemdar trur på auka sysselsetting i 2012. Samtidig trur 20 prosent av dei at det vil bli vanskeleg å få tak i nok kvalifisert arbeidskraft dei neste to åra. Dette gjeld særleg fagarbeidarar. I Bedriftsundersøkinga trekkjer fleire verksemdar fram etterspurnad etter lærlingar og fagutdanna personell som ei utfordring.


Ved Handelshuset i Førde, det største kjøpesenteret i fylket, er stemninga avventande. Sjølv om senteret klarte

seg relativt godt gjennom finanskrisa for tre år sidan, er senterleiar Jostein Fredly nøktern med å budsjettere omsetnadsauke for 2012. - Eg registrerer ei avventande haldning i marknaden når det gjeld 2012, så vi ser for oss lite auke i omsetnaden, seier Fredly.


Privatøkonomi og psykologi er avgjerande

Korleis 2012 vil sjå ut for næringa, er i stor grad avhengig av korleis nordmenn sin privatøkonomi utviklar seg. For tida bidreg låg rente, stabil reallønsvekst og låg arbeidsløyse til ein god privatøkonomi for dei fleste nordmenn. Med ei gjennomsnittleg arbeidsløyse på 1,9 prosent i 2011, den lågaste i landet, er Sogn og Fjordane heldig stilt.


Men utviklinga er òg avhengig av korleis forbrukarane reagerer på krisesignala frå Europa. Som Karin Bing Orgland frå DNB påpeika til Aftenposten tidlegare i år, kan dårlege nyhende påverke forbrukarmønsteret sjølv om økonomien i seg sjølv er sunn. Utviklinga er med andre ord avhengig av korleis psykologien slår inn hos den jamne forbrukar. På Handelshuset i Førde har krisesignala utanfrå til ein viss grad innhenta senterleinga. - Signala frå Europa og frå politikarane om at vi i Noreg også vil merke krisa, gjer at vi ikkje er veldig optimistiske med tanke på 2012, seier senterleiar Jostein Fredly. - Det er ingenting som tilseier at folk har mindre pengar, men dei tek nok heller ingen unødvendig risiko i desse tider, avsluttar han.



Figur 1: Forventingsindeks, målt som differansen mellom dei som ventar auke, og dei som ventar nedgang neste år, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, N= 27. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 2: Samla forventingsindeks, målt som gjennomsnittet av dei fire delindeksane i figur 1. Kjelde: Bedriftsundersøkinga



Figur 3: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa varehandel og personleg tenesteyting er sett saman av. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

fakta

Varehandel og personleg tenesteyting sysselset 6 183 personar i Sogn og Fjordane. Dette svarar til 12 prosent av arbeidsstyrken. Den store majoriteten av desse arbeider innan detaljhandel.

Trekkjer framleis turistar



Turistane strøymer til fylket, og reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane ser lyst på året som kjem. Men uvisse om utviklinga i resten av Europa tvingar verksemdene til å halde kostnadene under kontroll.

Fleire vil sjå Vestlandet

Ved kjøkkenet på hotell Alexandra i Loen er det travle dagar. Utover ettervinteren og våren blir det tett mellom verksemdene som held festmiddag her. - Det er vel eit teikn på at næringslivet i regionen går godt, seier hotelldirektør Richard Grov. - I tillegg har vi vekst i bestillingane både når det gjeld utlandstrafikken og den norske marknaden. Sals- og marknadssjef Bengt Hammer i Flåm utvikling er også varsam optimist. - Det er framleis uvisse knytt til den komande sesongen, men når det gjeld bookingar ser det bra ut så langt.


Fjorårssesongen var òg bra for reiselivet i fylket. Vestlandet hadde ei auke i talet på internasjonale gjestedøger på fem prosent i 2011, medan Noreg under eitt opplevde stagnasjon. For Sogn og Fjordane vart ein svak nedgang i utlandstrafikken vege opp av vekst i den norske marknaden. Kristian Jørgensen, direktør i Fjord Norge, ser lyst på den komande sesongen. - Så langt er bestillingane omtrent på same nivå som for 2011, sjølv om vi merkar ein svak reduksjon når det gjeld kundar frå det sørlege Europa.

Cruisetraffikken den store vinnaren

Vestlandet har òg langt betre utsikter for cruisetraffikken enn resten av landet. I følgje direktør Wenche Nygard Eeg i Cruise Norway vil 2012-sesongen på Vestlandet slå alle rekordar. Det er venta 37 prosent fleire passasjerar til dei to viktigaste destinasjonane i fylket, Flåm og Olden, samanlikna med i fjor. Heile Noreg ventar ein vekst på rundt 16 prosent. Auke i talet på cruise-passasjerar treng likevel ikkje å føre til vekst i omsetnaden, seier Eeg. - Under finanskrisa i 2009 var trafikken stabil, men gjestane brukte mindre pengar når dei gjekk i land.

Uvisse om Europa

Trass gode prognosar, skapar utviklinga i den europeiske marknaden ei viss uro. Godt over halvparten av verksemdene ventar auke i omsetnaden, og mest halvparten trur at driftsresultatet blir betre. Men for talet på tilsette er det fleire som ventar reduksjon enn vekst (13 mot 7 prosent). Fire av ti verksemdar ser for seg reduserte investeringar i 2012. Aktørane i



Figur 1: Reiselivsverksemdene sine forventningar for 2012, med omsyn til tilsette, omsetnad, lønsemd og investeringar, prosent, N= 17. Kjelde: Bedriftsundersøkinga

reiselivsnæringa ser ut til å prioritere kostnadskontroll i ei tid prega av uvisse.


Vanskelege tider i land som tradisjonelt har sendt mange turistar til Noreg gjer prognosane usikre. Sjølv om dei internasjonale operatørane allereie har sikra seg kapasitet for sommarsesongen, kan rom framleis kansellerast. Utviklinga i kronkursen er ein annan uvis faktor. Jørgensen i Fjord Norge trur likevel ikkje at overnattingsverksemdene på Vestlandet blir hardt råka. - Vi har satsa sterkt på det mest kjøpekraftige segmentet i den europeiske marknaden. Dei er truleg mindre vare for prisar og konjunktursvingingar. Dessutan har veksten i oversjøiske marknader, ikkje minst Asia, kompensert for stagnasjonen i Europa.

Nedlegginga av båtruta til England har òg fått konsekvensar. Fjord Norge trur at omlag 250 000 gjestedøger så langt har gått tapt på grunn av dette. Flåm har av same grunn mista 30-40 prosent av dei engelske gjestane - ei viktig gruppe for reiselivsnæringa i fjordbygda.

Nye reglar for turbussar


Ei anna årsak til uro er dei såkalla kabotasjereglane som blir sett i verk i april i år. Reglane er vedtekne av Stortinget for å verne den norske transportnæringa, og set grenser for kor lenge utanlandske busselskap kan opphalde seg og køyre i Noreg. Det gjer at utanlandske reiseoperatørar ikkje lengre kan ha bussar ståande i Noreg heile sommarsesongen, for å ta i mot gjester som kjem med fly eller cruiseskip frå heimlandet. Fleire store operatørar, mellom andre den franske Vision of Scandinavia, har varsla at dei kan kome til å redusere satsinga i Noreg på grunn av dette.

Fjord Norge er redd reglane kan få store konsekvensar. Sogn og Fjordane kan bli særleg hardt råka, med mange turistdestinasjonar som berre er tilgjengelege med buss. - For oss er dette dramatisk, seier Hammer i Flåm utvikling. - Rundt 40 prosent av trafikken vår kjem frå gruppereiser, segmentet som truleg vil merke dei nye reglane mest. Hotelldirektøren i Loen meiner derimot at dette vil gå seg til. - Vi må kunne sjå dette frå to sider. Personleg har eg stor forståing for transportnæringa sitt syn, seier Grov.



Figur 2: Sysselsette fordelt på dei ulike bransjane som gruppa Kultur, reiseliv og oppleving er sett saman av. Merk at vi i denne artikkelen berre har omtalt reiseliv, dvs. overnatting og servering. Kjelde: SSB Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Naudsynt nytenking



Lågare etterspurnad og auka konkurranse pressar prisane i ein uviss marknad for fiskeoppdrett. Men i fiskerifylket Sogn og Fjordane er heile verdikjeda i næringa representert, og med betre rammevilkår er potensialet stort.

Gode tider i fiskeria

- Det går godt i norsk fiskerinæring, konstaterte leiar for Norges Fiskarlag Reidar Nilsen då han opna landsmøtet sist haust. Dei fleste fiskebestandane i norske farvatn er på eit historisk høgt nivå, og det blir stadig sett nye eksportrekor-

dar. Fiskeri og havbruk er Noregs nest største eksportnæring etter petroleumsnæringa. Nilsen trekte samstundes fram at dei økonomiske problema fleire av dei store importørlanda no opplever kan ramme viktige marknader for norske fiskeriverksemdar. Han uroa seg spesielt over det særnorske høge rentenivået.

Oppheva straffetoll

Sjømatnæringa er svært eksportorientert. Heile 90 prosent av produksjonen blir selt til utlandet. Sjølv om eksportvolumet er rekordhøgt gjekk eksportinntektene frå fiskeri- og havbruksnæringa ned med meir enn 580 millionar kroner i 2011. Dette skuldast låge prisar. I januar 2012 låg prisen på laks rundt 26 kroner kiloen, medan topprisen våren 2011 var på 45 kroner per kilo.

Eit skritt i retning av ei betring av marknaden vart teken då Den amerikanske handelskommisjonen 26. januar oppheva den 20 år gamle straffetollen på norsk laks. – Det er gledeleg at handelshindringane no blir fjerna, seier Egil Ove Sundheim, direktør for marknadsinformasjon i Norges sjømatråd.

Han får støtte frå Sverre Søraa, administrerande direktør i Coast Seafood as med hovudkontor i Måløy. Dei er eit av verdas største frittstående handelsselskap for oppdretta atlantehavslaks og fjordare. Han legg primært vekt på den symbolske verdien ved avgjerda. – USA er ein forsvinnande liten del av vår marknad og dei nye handelsvilkåra vil i liten grad påverke oss konkret, seier Søraa.


Låge prisar er utfordringa

Søraa meiner låge prisar blir den store utfordringa i 2012. – No kjøper vi oppdrettslaks under produksjonskostnadane. Dette kan sjølvsagt ikkje vare i lengda. Men slik det ser ut no ventar vi låge prisar ut heile 2012.

For pelagisk fisk har òg marginane skrumpa. Signala om ein eventuell reduksjon i til dømes sildekvotane, vil gi endå større utfordringar. Konkurransen frå Island og Færøyane har også prega marknadene med pressa marginar. Innteninga kan fort bli marginal også i denne delen av næringa.

Nisjar i marknaden

Rentenivå, valutasingingar og toll- og avgiftssatsar i importlanda er viktige rammevilkår for norske eksportverksemdar innan fiskeri- og havbruksnæringa. Men etterspurnaden etter fisk og skaldyr frå dei norske fjordane er i første rekkje avhengig av kjøpekrafta til konsumentane og kor villige dei er til å betale for den kvaliteten norske eksportprodukt held. Ei



Figur 1: Sal av slakta matfisk, førstehandsverdi 2010, 1000 kr. Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012.

av dei få verksemdene i fiskeri- og havbruksnæringa som har svart på Bedriftsundersøkinga, oppgir nett svake marknader som ei utfordring.


Norges sjømatråd ventar ikkje nokon stor auke i eksporten av fersk heil laks til den amerikanske marknaden. Men vedtaket om å fjerne straffetollen opnar for at norske eksportørar no kan svare på etterspurnaden i dei segmenta i den amerikanske marknaden som er villige til å betale litt ekstra for heil laks frå Noreg, seier Sundheim frå Norges sjømatråd.

Fortrinn i fiskerinæringa

Forskningsprosjektet «Et kunnskapsbasert Norge» peika på fiskeri- og havbruksnæringa i Sogn og Fjordane som eit næringsområde der fylket hadde særlege fortrinn for å utvikle kompetansebaserte arbeidsplassar. I følgje rapporten var det i fylket registrert 209 revisjonspliktige verksemdar i 2009 med ein total omsetnad på 2,3 milliardar kroner og ei verdiskaping på om lag 800 millionar kroner. Næringa omfatta hav- og kystfiske, havbruk, fiskeforedling og engroshandel med fisk og fiskeprodukt, med havbruk (oppdrettsnæringa) som den mest lønsame. I 2009 stod denne for ei verdiskaping på 1,7 millionar kroner per tilsett. Få bransjar kan syne til liknande vekst dei siste åra.


Satsing på linefiske

Men konkurransen er hard i denne marknaden og med fallande prisar kan det vere meir fornuftig å satse på andre delar av fiskeri- og havbruksnæringa. Forfattarane av rapporten «Strategier for utvikling av Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» trekk fram linefisket som ei framtidretta næring i Sogn og Fjordane. Praktisk talt alle linebåtane i Noreg er registrert i Sogn og Fjordane eller Møre og Romsdal, med omtrent halvparten i kvart fylke. Per 7. oktober 2011 var det 14 båtar i Sogn og Fjordane, der Ervik Havfiske hadde eigarinteresse i sju av dei. Utfordringa deira er at båtane har ein gjennomsnittsalder på heile 20 år. I følgje Innovasjon Noreg skuldast dette at reiarane dei siste åra har prioritert kjøp av kvotar framfor investeringar i nye fartøy. Her ligg ei av utfordringane framover om det skal skapast ei meir framtidretta og nisjeprega fiske- og havbruksnæring i Sogn og Fjordane.



Figur 2: Behaldning av levande matfisk 2010, 1000 stk. Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012.

Trur på lokal mjølkeproduksjon



Innbyggjarane i Sogn og Fjordane ønskjer lokalprodusert mjølk. Det er godt nytt for dei 1056 mjølkebøndene i fylket. - Mat må ein ha - og helst norskprodusert, seier ein av dei som har tora å satse stort.

Ja til lokalprodusert mjølk

Dei mange mjølkebøndene står for størstedelen av verdiskapinga til landbruksnæringa i fylket. Og lokalbefolkninga er opptekne av å halde dei her. For medan mjølkeproduksjonen i fylket går ned, meiner sju av ti at det er viktig at mjølka dei drikk blir produsert lokalt. Det syner ei undersøking gjennomført av TINE i Sogn og Fjordane i desember i fjor.

Forhåpentlegvis kan den nye kvoteordninga for mjølk som tredde i kraft frå 1. januar i år, medverke til å oppretthalde mjølkeproduksjonen ved å sikre meir stabile rammevilkår for produsentane.

Kapitalkrevjande, men lønsamt

Å drive mjølkeproduksjon i stor skala er kapitalkrevjande. Pålegget om at alle husdyrbruk skal gå over til lausdrift innan 2024 - med utsetjing til 2034 for dei minste bruka - har ikkje gjort det enklare. Overgangen gir eit stort behov for kapital til fornying og utbygging av driftsbygningar. Vanskar med å skaffe privat lånekapital utan god eigenkapital gjer dette til ei større utfordring. Rett nok auka jordbruksoppgjæret i 2011 grensa for tilskot frå bygdeutviklingsmidlane, slik at det i Sogn og Fjordane no blir gitt inntil 30 prosent støtte til investeringar opptil 3 millionar kroner. Særleg nye lausdriftsfjøs vil nytte godt av den auka ramma.

Ei undersøking utført av Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forsking tyder på at investeringar i nybygg lønar seg. Rekneskapa til seks nye samdrifter og eitt enkeltbruk i Sogn og Fjordane for 2008 og 2009 viser at desse både har hatt høgare driftsoverskot og høgare produksjon per årsku samanlikna med andre mjølkebruk.

Satsar stort

Mjølkebonde Eirik Sunde i Gaular er ein av dei som har tora å investere. Han kjøpte gard for sju år sidan og utvida drifta nokre år tilbake. Etter å ha bygd ut og modernisert fjøs samt investert i mjølkebotar, har han auka mjølkevota frå 66 000 til 320 000 liter. Sjølv om løna framleis er låg, merkar han

at det går betre økonomisk etter utvidinga. Sunde peikar på at det å kjøpe ein gard kan vere ei stor økonomisk belastning. Han trur mange av dei som sit på gamle driftsbygningar ikkje tør satse og heller legg ned drifta. Men sjølv ser han lyst på framtida som bonde. - Mat må ein ha, og folk vil helst at den skal vere norskprodusert, seier Sunde.

Positive teikn for mjølkebøndene


Trass i utfordringane tyder mykje på at omstillinga frå små bruk til færre, større einingar til dels har vore vellukka. Driftsgranskingar syner at jordbruket på Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) auka sine jordbruksinntekter frå 2009 til 2010. For mjølkeprodusentane i Sogn og Fjordane auka driftsoverskotet per bruk med 20 prosent, frå 254 000 i 2009 til 309 300 i 2010.

Landbruket - ein del av merkevara Sogn og Fjordane


Landbruket i Sogn og Fjordane utgjer òg eit viktig kulturlandskap, noko som betyr mykje for turistnæringa. Ein forskingsrapport frå 2011 som diskuterer moglegheitene for landbruket i Sogn og Fjordane, samanliknar fylket med Toscana. Ved å satse på ein kombinasjon av kvalitetsmatvarer, natur, tradisjonar og historie kan fylket byggje opp ei regional merkevare, slik ein har lukkast med i den italienske regionen, heiter det i rapporten.

Frukt- og bær fylket

Sogn og Fjordane står for kring 75 prosent av alle bringebær som blir produsert i Noreg. I frukt- og bærproduksjonen har ein lukkast med innovativ samhandling med reiselivsnæringa. Dette gjeld til dømes programmet «Frukt og bær rundt neste sving» i regi av Landbruks- og matdepartementet. Satsinga har mellom anna gitt liv til Sogn fruktrute - eit samarbeid mellom 14 store og små aktørar langs Sognefjorden som kombinerer frukt- og/eller bær dyrking med turisme. Nettverket har etablert samarbeid med fleire reiselivsorganisasjonar, som til dømes Visit Sognefjord, De historiske hotell og Hanen.



Figur 1: Sysselsette innan landbruket i Sogn og Fjordane. Kjelde: SSB registerbasert sysselsetningsstatistikk.




Figur 2 Gjennomsnittleg næringsinntekt frå mjølkeproduksjon for brukarar, målt i kroner. Kjelde: SSB, statistikkbanken

fakta

Ved utgangen av 2010 arbeidde 3056 personar innan landbruk, 5 prosent av den totale sysselsettinga i fylket. Sjølv om talet på sysselsette i næringa går ned, går utviklinga saktare enn for resten av landet. Mellom 2008 og 2010 minka talet på sysselsette i landbruksnæringa med 6 prosent, mot 7 prosent på landsbasis. Mjølkeproduksjon står for størstedelen av verdiskapinga i næringa, følgd av sauehald og frukt- og bær dyrking.

Fylket som framleis trivst



Med god økonomi i både fylke og kommunar forsvargar Sogn og Fjordane tittelen «trivselsfylket».

Fleire offentleg tilsette

Kvar tredje arbeidstakar i Sogn og Fjordane var tilsett i offentleg sektor i byrjinga av 2011. Det vil seie knapt 18 800 personar, i følgje tal frå SSB. Talet på offentleg tilsette har vakse med rundt 4 prosent i løpet av dei siste tre åra. Dette er ein svakare vekst enn for Norge sett under eitt, der talet på offentleg tilsette auka med 5 prosent.



Offentleg sektor er likevel noko større i Sogn og Fjordane enn i resten av landet: 33 prosent samanlikna med 30 prosent. Det er hovudsakleg den kommunale forvaltninga som sysselset fleire her enn i resten av landet: vel 22 prosent i Sogn og Fjordane mot 17 prosent på landsbasis. Kommunesektoren står også for brorparten av veksten i offentleg syssetjing i fylket.

Tilfredsstillande offentleg økonomi

Den offentlege økonomien i fylket er rimeleg god. I 2010 vart den fylkeskommunale rekneskapa gjort opp med eit netto driftsresultat på nærare 15 prosent. Dette er noko betre enn gjennomsnittet for landet (utanom Oslo) som i 2010 låg rundt 9 prosent. Også gjeldsituasjonen i fylket er noko betre enn gjennomsnittet for landet. Den langsiktige gjelda utgjør om lag 100 prosent av driftsinntektene, samanlikna med eit gjennomsnitt på vel 130 prosent for heile landet. Fylkeskommunen har difor ein meir romsleg økonomi enn mange av dei andre fylka i Noreg. Det ser vi også på frie inntekter per innbyggjar, som gjerne blir nytta som mål på økonomisk armslag. Dette talet er knapt 18 000 kroner for Sogn og Fjordane. Gjennomsnittet for alle fylka i Noreg (utanom Oslo) er vel 10 000 kroner.

I følgje Økonomiplanen 2012-2015 ventar fylkeskommunen strammare økonomiske rammer framover. Det kjem «endringar i inntektssystemet, nedgang i elevtal og forventna nedgang i fylkesvegrammene.» I tillegg reknar ein med auke i lånegjelda for planperioden 2012-2015 og forventingar til lokale inntekter vil bli justerte ned. Dette vil redusere handlefridomen ytterlegare. Det blir difor ikkje rom for å starte opp nye prosjekt i denne perioden.

Også kommunane i Sogn og Fjordane er rimeleg bra stilt økonomisk sett. I gjennomsnitt hadde kommunane i 2010 eit positivt driftsresultat på 2,8 prosent, mot 1,4 prosent i heile landet. Gjeldstrykket er derimot marginalt tyngre enn landsgjennomsnittet. I snitt har kommunane i fylket langsiktig gjeld på rundt 195 prosent av driftsinntektene. Det tilsvarande talet for heile landet er 183 prosent. Jamt over har kommunane i fylket også større midlar til disposisjon per innbyggjar. Medan netto driftsutgifter per innbyggjar er nærare 45 000 kroner i Sogn og Fjordane, er snittet for heile landet ca. 38 500. Det same gjeld storleiken på dei frie inntektene. Kommunane i Sogn og Fjordane rår i snitt over 40 000 kroner per innbyggjar, rundt 5000 kroner meir enn gjennomsnittet for landet. Dette må ein også sjå i samanheng med at det er kostnadskrevjande å yte offentlege tenester i Sogn og Fjordane grunna liten og spreidd busetnad. Dette gjeld både i kommunane og fylkeskommunen.



Datagrunnlag og kjelder

Datagrunnlag: Bedriftsundersøkinga

Næringsbarometeret for januar 2012 byggjer på data frå ei spørjeundersøking som vart gjennomført i andre halvdel av november 2011 retta mot verksemdar innafor alle næringsområde i Sogn og Fjordane. Undersøkinga vart sendt til i alt 5 500 verksemdar.

Forventingsindeksar

I undersøkinga blei næringsaktørane bede om å vurdere utsiktene for 2012 samanlikna med 2011 for ei rekkje faktorar, mellom anna talet på tilsette, omsetnad, investeringar og lønsemd. Vi har nytta svara på desse spørsmåla til å rekne ut forventingsindeksar for desse faktorane. Dette er gjort ved å trekke prosentdelen som ventar reduksjon, til dømes i talet på tilsette, frå prosentdelen som ventar auke. Forventingsindeksane kan derfor, i teorien, variere mellom 100 og -100. Verdien 100 kan bli oppnådd berre om absolutt alle verksemdene ventar auke. Tilsvarende kan verdien -100 bli oppnådd berre om absolutt alle ventar reduksjon. Generelt er det slik at ein positiv forventingsindeks fortel at det er fleire verksemdar som ventar auke enn som ventar reduksjon. Merk at verksemdene også kunne svare at dei ikkje venta nokon endring. Desse er ikkje med i dei utrekningane som blir gjort.

Samla forventingsindeks

Nytt for denne utgåva av Næringsbarometeret er at vi har rekna ut ein samla forventingsindeks. Denne indeksen er ganske enkelt gjennomsnittet av forventingsindeksane for tilsette, omsetnad, investeringar og lønsemd. Også denne indeksen vil teoretisk kunne variere mellom 100 og -100.

Feilmarginar

Når vi reknar forventingsindeksar for dei enkelte bransjane, vil talet på verksemdar som har svart i fleire høve bli lågt. Talet på verksemdar som har svart er oppgitt saman med grafane som viser resultatane. Generelt er det slik at dess færre som har svart, dess meir uvisse knytt til resultatane. For to av bransjane som er omtala er talet på verksemdar så lågt at vi har valt å ikkje presentere tal frå Bedriftsundersøkinga. Dette gjeld landbruk og fiskeri og havbruk. Vi vonar at vi i framtidige næringsbarometer vil kunne auke talet på svar slik at vi kan presentere forventingar også for desse bransjane.

Kjelder

Hovedkjelder:

Bedriftsundersøkinga for Næringsbarometeret, NAV, Statistisk Sentralbyrå (SSB)

Samla vurdering: SSB: Arbeidskraftsundersøkinga, SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Norsk og internasjonal økonomi

IMF: World Economic Outlook, januar 2012

Klaus Schwab, 2011: The Global Competitiveness Report 2011-2012. Davos: World Economic Forum.

PwC: <http://www.pwc.com/gx/en/ceo-survey/explore-the-data.jhtml>

SSB: Økonomiske nøkkeltal
Stat og styring. Nr. 1/2012

Aktuelt

Bergens Tidende, 11.1.2012

Noregs Banks utlånsundersøking 4.kvartal 2011, 19.1.2012

Arbeidsmarknad

Artikkelen er utarbeidd av Erik Andersen i NAV Sogn og Fjordane

Byggjenæring og eigedomsmarknad

SSB: Bygge- og anleggsverksemd, omsetnadsstatistikk, 4. termin 2011

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

SSB: ordrestatistikk

Industri

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

SSB: Produksjonsindeks for industrien

SSB: Investeringsstatistikk. Olje- og gassverksemda, 4. kvartal 2011

Petroleumsnæringa

E. Vatne, 2007: Regional fordeling av sysselsetting i norsk petroleumsrelatert leverandørindustri. Arbeidsnotat nr. 22/07.

SSB: Investeringsstatistikk. Olje- og gassverksemda, 4. kvartal 2011

Transport og engros

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Finansiell og forretningsmessig tenesteyting

NHO Service: Kvartalsstatistikk bemanningsbransjen

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

Varehandel og personleg tenesteyting

Aftenposten 6.1.2012

SSB: Detaljomsetnadsindeks, desember 2011

SSB: Julehandel 2011

SSB: Julehandel 2010

Kultur, reiseliv og oppleving

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

SSB: Overnattingsstatistikk

Fiskeri og havbruk

NTB 5. oktober 2011.

Vestlandsforskning: Strategier for utvikling av Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane. Sluttrapport. Rapport nr. 12/2011.

Landbruk

E.H Aalerud, M. Carroll, S. Hirsch, T. Merritt, L. Sevilla, T. Soliman. New directions for farming and food in a challenging environment. NILF-rapport 2011/2.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=672&amid=3515070>

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF): Driftsresultat i jordbruket på Vestlandet 2010.

SSB: Registerbasert sysselsettingsstatistikk

SSB Statistikkbanken: Jordbruk, jakt, viltstell

Offentleg forvaltning og tenesteyting

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Budsjett 2012.

Økonomiplan 2012-2015.

Foto

s. 18 STX Norway Florø as.

s.26 Flåm Utvikling AS, Harald M. Valderhaug

s.22,28,32 Terje Rakke/Nordic Life AS/Fjord Norway

Partnerane bak Næringsbarometeret
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
NAV Sogn og Fjordane
NHO Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

